

RETNINGSLINJER FOR ELEVRÅDSARBEID VED RUBBESTADNESET SKULE

Mål: Alle barn skal oppleve at det er bruk for dei og at dei høyrer til.

§2.A - 5a: Alle elevar skal ha moglegheit og tid til å arbeide med saker knytt til elevdemokrati og medverknad i opplæringa. Arbeidet må vere godkjent av skulen. Elevrådet er elevane sitt eige organ på skulen, og står fritt til å ta opp saker som er av interesse for elevane. Elevrådet skal oppleve å bli høyrte og tatt på alvor.

Kriterier for val av elevrådsrepresentantar.

Elevrådet består av elevar frå 4.-7. trinn.

Elevrådet skal ha to representantar frå kvar klasse, ein gut og ei jente. Ein elev kan berre stille ein gong. Dette er klassen sine tillitselevar.

Tillitseleven si oppgåve:

- Skal representere klassen sin.
- Skal møte på elevrådsmøter.

Elevrådet skal snakke på vegne av alle elevane på skulen.

Frist for val av elevrådsrepresentant: Veke 35.

Ein vaksen på skulen skal hjelpe elevrådet med arbeid.

Kontaktlærar skal syte for at klassen vel elevrådsrepresentantar og syte for at elevrådssaker blir handsama i klasseråd.

Organisering:

- 1 leiar
- 1 nestleiar
- 1 skrivar

Leiar og nestleiar skal vere elevrådet sin representant i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet.

Frist for konstituering: Veke 36.

Møteplan:

Ca. kvar tredje veke. Faste møtedagar og tider.

Publisering:

- korleis skal me gjere arbeidet til elverådet tilgjengeleg for alle?

Ansvar:

- Organisere innsamlingsaksjon.
- Samarbeide med TL leiarane om friminuttordning.

Årshjul:

Aktuelle tema: Inkludering, elevmedverknad, motivasjon, gode klassemiljø/læringsmiljø/ arbeidsro etc.

Månad	Tema/Sak
August	<ul style="list-style-type: none">○ Oppstart<ul style="list-style-type: none">▪ Kva er elevråd?▪ Kva kan elevrådet gjera?▪ Eit demokratisk organ.▪ Konstituering – rolleavklaring.▪ Klassane sin representant, formidlingsansvarleg (Halda klassen orientert om kva som skjer i elevrådet).▪ Gjennomgang av årshjul.○ Skulereglementet
September	<ul style="list-style-type: none">○ Sosial plan○ Skulen sin utviklingsplan○ Trafikksikringsplan
Oktober	<ul style="list-style-type: none">○ Skuleruta○ Innsamlingsaksjon
November	<ul style="list-style-type: none">○ Nasjonale prøvar Kvifor har me nasjonale prøvar? Korleis kan me bruke resultatata til å lære meir?○ Elevundersøkinga Sjå på utval av resultat og eventuelle forslag til tiltak.
Desember	<ul style="list-style-type: none">○ Innkjøp - småleikeutstyr
Januar	<ul style="list-style-type: none">○ Trivselstiltak
Februar	<ul style="list-style-type: none">○ Elevundersøkinga (SWOT)
Mars	
April	<ul style="list-style-type: none">○ Kvalitetsvurdering - SWOT
Mai	
Juni	<ul style="list-style-type: none">○ Evaluering av planar○ Evaluering av skulen sitt arbeid med å informerer og involvere elevrådet

Aktuelle lenkjer:

<https://www.xn--elevrd-mua.no/>